

Innst. S. nr. 47

(1999-2000)

Innstilling frå næringskomiteen om forslag frå stortingsrepresentantane Per-Kristian Foss og Ansgar Gabrielsen om å be Regjeringa iverksette tiltak for å redusere skjemaveldet og antall lover og forskrifter næringslivet må forholde seg til

Dokument nr. 8:1 (1999-2000)

Til Stortinget

1. SAMANDRAG

Næringskomiteen fekk den 13. oktober 1999 oversendt følgjande forslag frå stortingsrepresentantane Per-Kristian Foss og Ansgar Gabrielsen:

1. Det vert innført ordningar som påskjønner tilsette i offentleg byråkrati og forvaltning som fremmar gjennomførbare forslag til forenklingar og fjerning av unødvendige skjema, lover og føresegner. Konkret bør det setjast av midlar i kvar etat som premierer gode forslag. På denne måten kan tilvande arbeidsformer og gamle incentivstrukturar i forvaltninga endrast til fordel for enklare reglar og føresegner.
2. Som ein hovudregel skal eitkvart forslag om eit nytt skjema, lov eller føresegn følgjast av forslag om å fjerne eit anna.
3. I samband med at dei årlege statsbudsjetta vert fremja skal det utarbeidast eit oversyn over talet på skjema, lover og føresegner som næringslivet må takle. Oversynet bør innehalde ei samanlikning med tidlegare år og mellom ulike etatar. På denne måten blir det mogleg å sjå om utviklinga går i riktig retning og samanlikne innsatsen i ulike delar av forvaltninga.
4. For å kartlegge administrative konsekvensar av nye lover og større endringar i føresegnene skal det etablerast eit system der verksemdene skal kontaktast på førehand. Dette skal gjerast gjennom utvalde testpanel av verksemder som identifiserer kva for fordel eller ekstra vanskar ei ny lov eller føresegn fører med seg.
5. For at verksemdene lettare skal kunne ha oversynet og tilpasse egne rutinar skal det fastsetjast to

årlege datoar for offentleggjering for skattemessige endringar i føresegner og regelverk med iverksetjing to månader seinare.

6. Statistikklova pålegg næringslivet innrapportering av statistiske opplysningar til Statistisk sentralbyrå. Der det er mogleg må Statistisk sentralbyrå avgrense seg til å få opplysningar frå representative utval av verksemder istadenfor å få opplysningar frå samtlege føretak.
7. Arbeidet til Føretaksregisteret i Brønnøysund med å samordne skjema frå ulike offentlege etatar må styrkjast slik at det offentlege ikkje spør etter same informasjon fleire gonger. Det er særleg viktig at innsamlinga til Statistisk sentralbyrå av informasjon vert inkludert i dette arbeidet.
8. Utfylling av skjema og innbetalingar til det offentlege skal kunne gjerast over Internett”

Bakgrunnen for forslaga er at forslagsstillarane meiner at norske verksemder brukar store ressursar på å svare på forespurnader frå det offentlege og korleis dei skal takle ulike lover og føresegner.

Forslagsstillarane syner òg til at dette er eit problem av di knappe arbeidskraftressursar vert bundne opp i stort sett uproduktivt arbeid. Små verksemder er særleg utsette av di dei må bruke ein urimeleg stor del av arbeidsressursane til dette arbeidet.

Forslagsstillarane syner til at skjemaveldet aukar i omfang. I det andre kvartalet 1999 auka skjemapresset med drygt 45 500 timar. Forslagsstillarane etterlyser ein samla strategi med slagkraftige verkemiddel som kan medverka til ein omfattande reduksjon av skjemaveldet og forenkling og fjerning av lover og føresegner.

2. MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Bjarne Håkon Hanssen, Einar Johansen, Kjell Opseth, Torstein Rudihagen, Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Rita Tveiten, frå Framstegspartiet, Øystein Hedstrøm og Terje Knudsen, frå Kristeleg Folkeparti, Modulf Aukan og Kurt-Arne Langeland, frå Høgre, Ansgar Gabrielsen og Ivar Kristiansen, frå Senterpartiet, leiaren Morten Lund, og frå Venstre, Leif Helge Kongshaug, visar til det fremlagte dokumentet.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet og Høgre, støttar intensjonen i framlegget om å redusera skjemaveldet for næringslivet, men kan ikkje sjå at framlegget inneheld noko serleg nytt. Fleirtalet syner til vedlagde brev frå statsråd Sponheim av 12. november 1999 som kommenterer dei einskilde punktene i dokumentframlegget. Fleirtalet støttar statsråden si avvisning av pkt. 2 og 5 i framlegget, og seier seg elles nøgd med dei tiltak og aktivitetar som departementet har gjort greie for på dei einskilde punktene. Fleirtalet ser på arbeidet med å forenkla skjemaveldet som viktig for næringslivet generelt og små og mellomstore bedrifter spesielt, og ser fram til å verta orienterte om monalege forenklingar i dei komande budsjettproposisjonane.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre mener det er behov for å fjerne en rekke reguleringer og innrapporteringsplikter som gjør det vanskeligere å drive næringsvirksomhet i Norge. Stivbeinte regler om frivillig overtid, midlertidige ansettelser og begrensningene i åpningstidsloven er tydelige uttrykk for en sterk reguleringsiver hos myndighetene som hemmer aktiviteten i bedriftene. Et mindre synlig, men minst like betydelig problem er den samlede byrden av forskrifter, regler og innrapporteringer som legges på norske bedrifter. Denne byrden er både et resultat av politisk styringsiver og av at det gjennom lang tid har vært manglende fokus på behovet for forenklinger. Tall fra Foretaksregisteret i Brønnøysund viser at skjemabelastningen på norske bedrifter nå tilsvarer mer enn 7 000 årsverk. I tillegg er det ofte svært arbeidskrevende å holde oversikt over ulike offentlige regler og forskrifter. Næringslivets Hovedorganisasjon anslår at norske bedrifters møte med offentlig byråkrati og skjemavelde hver år koster ca. 30 mrd. kroner.

Disse medlemmer mener det er et betydelig samfunnsøkonomisk problem når knappe arbeidskraftressurser bindes opp i uproduktivt arbeid. Små bedrifter er særlig utsatt fordi de må bruke en uforholdsmessig stor andel av arbeidskraftressursene. Disse medlemmer mener næringslivet må få bruke mer tid på produktiv virksomhet og mindre tid på skjemautfylling og å tilpasse seg et uoversiktlig og komplisert

offentlig regelverk. Disse medlemmer har med glede merket seg at det er Regjeringens erklærte målsetning å redusere skjemaveldet. Regjeringen har også varslet en gjennomgang av lover og forskrifter. Til tross for dette økte skjemabelastningen i første halvår 1999. På denne bakgrunn mener disse medlemmer det er behov for ytterligere tiltak som beskrevet i Dokument nr. 8:1 (1999-2000).

Disse medlemmer stiller seg undrende til flertallets argumentasjon mot forslagen i Dokument nr. 8:1 (1998-1999). Flertallet støtter på den ene side intensjonen i forslaget, men unnlater å støtte det fordi man "ikkje kan sjå at framlegget inneheld noko særleg nytt." Samtidig støtter flertallet departementets avvisning av punkt 2 og 5 i forslaget. At man både kan unnlate å støtte et forslag fordi man mener det inneholder lite nytt, og samtidig avvise forslaget på bakgrunn av statsrådets motforestillinger, er egnet til å forundre.

Disse medlemmer viser til forslaget om å sette av lønnsmidler i den enkelte etat for å premiere forslag til forenklinger og fjerning av unødvendige skjemaer, lover og forskrifter. Disse medlemmer konstaterer at statsråd Sponheim i brev til komiteen av 12. november viser til at det gjennom Statens premieringsråd eksisterer en sentral forslagsordning for staten. Disse medlemmer mener dette er en utilstrekkelig motivasjon og mener det er behov for flere lokale premieringsordninger.

Disse medlemmer har videre merket seg at statsråd Sponheim advarer mot å fastsette en absolutt regel som sier at ethvert forslag om nye lover, forskrifter eller skjema skal være knyttet til et forslag om å fjerne et annet. Disse medlemmer er enig i at en absolutt regel vil ha uheldige sider, og viser til at forslaget kun dreier seg om en hovedregel. En slik hovedregel kan ha en betydelig disiplinerende effekt på myndighetenes lov- og forskriftsarbeid. Der det ikke er praktisk mulig å fjerne eksisterende lover bør det begrunnes særskilt.

Disse medlemmer er fornøyd med at Nærings- og handelsdepartementet har besluttet å gjennomføre et pilotprosjekt med bruk av testpaneler i løpet av 2000. Forhåndskonsultasjon av bedrifter vil gjøre det lettere å kartlegge administrative og økonomiske konsekvenser for næringslivet av nye lover og større forskriftsendringer.

Disse medlemmer konstaterer videre at Nærings- og handelsdepartementet viser til flere praktiske problemer knyttet til en ordning med to årlige datoer for skattemessige forskrifts- og regelverksendringer med iverksettelse to måneder senere. Av hensyn til forutsigbarhet og næringslivets behov for langsiktig planlegging mener disse medlemmer en slik ordning likevel bør innføres. Det forutsettes at Regjeringen legger fram et konkret forslag til en eventuell ordning med faste datoer for offentliggjøring og iverksettelse av skattemessige forskrifts- og regelverksendringer som tar hensyn til de praktiske utfordringene statsråden viser til.

Disse medlemmer viser til innrapportering av statistiske opplysninger til Statistisk sentralbyrå utgjør en betydelig arbeidsbyrde for mange småbedrifter. Ofte etterspørres detaljerte opplysninger om bruk av innsatsfaktorer som krever et nitid arbeid for den enkelte bedrift. Selv om Statistisk sentralbyrås andel av det totale skjemaveldet er begrenset oppleves av den grunn innrapportering til Statistisk sentralbyrå som en betydelig belastning for mange bedrifter. For å frigjøre verdifulle ressurser i næringslivet foreslås følgende tiltak:

1. Det innføres etatsvise ordninger som belønner ansatte i offentlig byråkrati og forvaltning som fremmer gjennomførbare forslag til forenklinger og fjerning av unødvendige skjemaer, lover og forskrifter. Konkret bør det settes av midler i hver etat som premierer gode forslag. På denne måten kan tilvante arbeidsformer og gamle incentivstrukturer i forvaltningen endres til fordel for et enklere regel- og forskriftsverk.
2. Som en hovedregel skal ethvert forslag om et nytt skjema, lov eller forskrift ledsages av forslag om å fjerne et annet. Dersom særlige hensyn tilsier at dette ikke er mulig skal det begrunnes i hvert enkelt tilfelle.
3. I forbindelse med fremleggelsen av de årlige statsbudsjettene utarbeides en oversikt over antall skjemaer, lover og forskrifter næringslivet må forholde seg til. Oversikten bør inneholde en sammenligning med tidligere år og mellom ulike etater. Slik blir det mulig å se om utviklingen går i riktig retning og sammenlignende innsatsen i ulike deler av forvaltningen.
4. For at bedriftene lettere skal kunne holde oversikten og tilpasse egne rutiner fastsettes to årlige offentliggjøringsdatoer for skattemessige forskrifts- og regelverksendringer med iverksettelse to måneder senere.
5. Statistikkloven pålegger næringslivet innrappor-

tering av statistiske opplysninger til Statistisk sentralbyrå. Der det er mulig må Statistisk sentralbyrå begrense seg til å innhente opplysninger fra representative utvalg av bedrifter istedenfor å innhente opplysninger fra samtlige foretak.

6. Foretaksregisteret i Brønnøysunds arbeid med å samordne skjemaer fra ulike offentlige etater må styrkes slik at det offentlige ikke etterspør samme informasjon flere ganger. Det er særlig viktig at Statistisk sentralbyrås innsamling av informasjon inkluderes i dette arbeidet.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen iverksette tiltak og utarbeide forslag i tråd med merknadene fra Fremskrittspartiet og Høyre i Innst. S. nr. 47 (1999-2000)."

3. FORSLAG FRÅ MINDRETAL

Forslag frå Framstegspartiet og Høgre:

Stortinget ber Regjeringen iverksette tiltak og utarbeide forslag i tråd med merknadene fra Fremskrittspartiet og Høyre i Innst. S. nr. 47 (1999-2000)."

4. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen syner til dokumentet og det som står frammanfor og råar Stortinget til å gjere slikt

v e d t a k :

Dokument nr. 8:1 (1999-2000) - forslag frå stortingsrepresentantane Per-Kristian Foss og Ansgar Gabrielsen om å be Regjeringen iverksette tiltak for å redusere skjemaveldet og antall lover og forskrifter næringslivet må forholde seg til - vert å leggja ved protokollen.

Oslo, i næringskomiteen, den 30. november 1999

Morten Lund
leiar

Oddbjørg Ausdal Starrfelt
ordførar

Kjell Opseth
sekretær